

## **INNKJØPSSTRATEGI FOR SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**

### **1. Innleiing**

Denne innkjøpsstrategien handlar om korleis Sogn og Fjordane fylkeskommunen sine innkjøp av varer, tenester, bygg og anlegg skal utførast.

Innkjøpsstrategien skal ta utgangspunkt i fylkeskommune sine overordna mål. Av desse er følgjande relevante:

- Ta vare på og vidareutvikle fylket sine fellesinteresser
- Vere ein aktiv regional utviklingsaktør og samarbeidspart
- Sikre kvaliteten på tenestene med høg etisk og fagleg standard
- Det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda

Lovgrunnlaget for arbeidet er:

1. Jfr. EØS-avtalen art 65 og vedlegg XVI punkt 1 (dir 71/304), punkt 2 (dir 2004/18), punkt 4 (dir 2004/17), punkt 4a (Kvedtak 93/327/EØF), punkt 5 (dir 89/665), punkt 5a (dir 92/13), punkt 5b (dir 92/50) og punkt 6 (frd nr. 1182/71). Jfr. også WTO-avtalen 15 april 1994 om offentlige innkjøp.

2. «Lov om offentlige anskaffelser» av 16. juli 1999 nr. 69. Ajourført med endringar, seinast ved lov 30. juni 2006 nr 41. Forskrift fastsett ved kgl.res. 7. april 2006 nr. 402 med heimel i lov 16. juli 1999 nr 69 om offentlige anskaffelser § 11 første ledd. Endra ved forskrift 25. juni 2012 nr. 726.

I tillegg gjeld andre relevante lover som omhandlar offentlege innkjøp.

Hovudmålet med arbeidet skal vere i samsvar med formålsparagrafen i «Lov om offentlige anskaffelser» § 1

*"Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige omskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte".*

### **2. Hovudmål for innkjøpsarbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

#### **Mål:**

- Alt innkjøpsarbeid skal utførast i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande lover, reglar og politiske vedtak



- Innkjøpsarbeidet skal vere i samsvar med fylkeskommunen sine vedtekne etiske prinsipp og verdigrunnlag
- Fylkeskommunen skal gjennom samarbeid både lokalt og regionalt utnytte at vi er ein stor aktør som andre offentlege partar kan dra nytte av
- Fylkeskommunen skal gjennom samarbeid med kommunane og næringslivet heve deira konkurranseevne
- Fylkeskommunen skal gjennom sine avtalar syte for gode prisar, kvalitet og innovative løysingar
- Fylkeskommunen skal leggje vekt på ein høg standard innan helse, miljø og tryggleik
- Fylkeskommunen skal gjennom innkjøpa sine leggje vekt på bruk og stimulering til bruk av nynorsk

### 3. Strategi for innkjøpsarbeidet

#### Strategien har fire perspektiv

##### i. For å sikre gode innkjøp skal fylkeskommunen

- ha høg kompetanse innanfor innkjøpsfaget
- oppnå gode avtalar gjennom gode innkjøpsprosessar
- arbeide for auka kompetanse for offentlege innkjøp i fylket
- sikre lojalitet til inngåtte rammeavtalar
- ha gode oppfølgingsrutinar av inngåtte avtalar

##### ii. For å sikre helse, miljø og tryggleik skal fylkeskommunen

- stille relevante krav til universell utforming i alle innkjøp
- stille gode miljøkrav til ytingar i alle innkjøp der dette er tenleg

##### iii. Samarbeid med andre offentlege etatar

- Sogn og Fjordane fylkeskommune felles innkjøp (SFFI) er eit samarbeid som skal bidra til å auke medlemmane sin innkjøpsfaglege kompetanse
- Fylkeskommunen skal vidareutvikle samarbeidet innanfor SFFI

##### iv. Leverandørutvikling

- Fylkeskommunen skal nytte utviklingskontraktar ved kjøp der dette er relevant
- Nytt ein kjøpsstrategi som også passar små- og mellomstore bedrifter i fylket
- Fylkeskommunen skal gjennom innkjøp vere ein regional utviklingsaktør
- Ved rammeavtalar stille krav om god distribusjon i fylket
- I relevante innkjøp stille krav om at leverandør er lærebedrift og skal kunne tilby lærlingplassar

